

# ÅRSMELDING 1986.

Årsmøtet vart helde på Fjellheim laurdag 25. januar 31. medlemmar møtte. Utanom vanlege årsmøtesaker så hadde møtet føre seg desse sakene.

1. Tilhøvet til gamaldansmusikken i d.F.S.

Laget gjorde då vedtak om å gå inn FOR gamaldans. (Dette var ei svært viktig sak for organisasjonen, og det vart mykje debatt utover året, og spesielt på d.F.S. sitt årsmøte i Oslo)

2. Forsikring i Uta-hyggea.

Etter årsmøtet har styret vori samansett slik.

Dagrun Hestevoll, leiar

Anny Norberg, kasserar

Kåre Fossey, nest-leiar.

Björg Balchen, skrivar.

Esk-Mari Haugen, styremedl.

Varafolk: Lars Vigdal - Arne Oasen Haugse.

Björg Balchen var veik-reist første del av året, så då fungerte Lars Vigdal i hennar stad.

Etter møtet hadde me god servering, videoframsyring og dans. Det kom bra med folk til dansen og musikken delte laget med Harald/Helene og Fostein slik at alle fekk seg ein svingom.

Fylkeskappleiken var i Vek 8-9 mars. Laget deltok i lagspel, solospel og dans. Og alle gjorde ein god innsats. Forunn gjorde det svært bra. Ho vart kåra til kappleiken's beste dansar og fekk fyrste napp i ein

vandrepokal. Forunn og Arne delte ellers fyrste-plassen i sin klasse.

Laget var også representert i damar-panelet.

Jarle Sperle i dam og Einor Ege i spel.

Same helgi var det "Justra-treff" på Eikum så det måtte me utebli frå.

22/23 og 24 mars hadde me "Hamborgarkurs" i Dølaheimen. Dyktig lærar var Konrad Espe og spelemann Harald. 24 iunige deltakarar og det var eit vel-lukka kurs.

12 og 13 april hadde me på nytt vitjing av Steinar og Leif Rygg. Orjentene hadde kurs med dei hjå Anna på Fjellheim. Laurdagskvelden hadde me ein triveleg kveld i Dølaheimen, med underholdning av laget, vossingane og Hestevoll og Myklemyr's. Dei siste spelte og til dansen. Me hadde invitert segndølene og dei kom ein heil gjeng. Laget deltok som vanleg på i 17 mai-arrangementet. Landskappleiken var på Geilo. Laget var representert i dans.

Landsfestivalen i gamaldans-musikk var i Førde i juli. Laget deltok i lagspel og fekk ein 11 plass. Me bukke som vanleg på dia Twishim. Under damspelinga i Førdehuset laurdagskvelden skapte laget stor steming og det vart svært trangt om plassen på dansegolvet. Så den damspelingens hugsar nok spelemennene, eller kva Per?

I summar halv-året deltok laget på ulike arrangement

på Pyramiden, Eikum, Røde Kors og på cruise-båt.

Vestlandskappliken var i Åsane, Bergen. Der var det berre Lars og Sigrun som deltok i år.

Dei har vel og kori på fleire andre kapplikar rundt omkring.

I august var det "lustra-treff" på Indre Hafslo der deltok me med damse-speling. Men ~~det~~ ~~var~~ det var lite folk, så svært mykje var det ikkje i pengekassen.

6. september var det opningsfest i Samfunnshuset. Laget hadde ein del arbeid med førebuingane og sto på festen for servering av grauten, som var innspela av jentene. Dagen var og med i programmet med ~~to~~ spel, song og dans. Laget tok og initiativet til ei gåve til huset, der me kjøpte eit stort åkle i saman med 4 av dei andre lagi i bygda. Kåre Fossoy overrekte gåva med fine, gode ord.

11 og 12 oktober hadde SFF "kompekurs" i Sogndal. Frå laget deltok Per Fossoy og den nye bassisten vår Leon Junde. Velkomen i laget, Leon, Harald, Ebe-Marie og Reidun <sup>var med og</sup> sytte for at kursdeltakarane hadde musikk å "kompe" til.

17. oktober starta me opp med dansekveldar i samfunnshuset. Dette er ufor melle samkomer med dans, litt instruksjon og kaffi pause. Dette fekk me stor respons på. Ca 40. har vori med på

dansekveldane.

Daget har hatt berre ~~to~~ styremøter i år. Men har og drøfta f.sk. saker ved ulike høve.

Me mulde laget inn i "kontakt-utvalget for song og musikk" i kommunen i oktober.

Luster musikk-skule hadde høyring om kjøp av musikk/lyd-utstyr. Me svara positivt til det.

Årsmøtet i SFF. var Hornindal 8-9 febr. Harald Hesjevoll og Jan Ove Krokjelet var utsendingar dit.

Årsmøtet i d.F.S. var i Oslo 19 og 20 april. Utsending var i Dagrun Hesjevoll.

På Vestlandskappliken var Lars Vigdal utsending til formannsmøtet.

I meldingsåret har laget hatt 62 medlemmar.

## ARBEIDSPLAN 1987.

~~Dansere~~ ~~kommer~~ kjem til å fortsetje med ca  
1 mnd. mellomrom. Det vert ~~to~~ spelingsen  
fredag slik at spelemennene får øve også.  
og der neste vert det også dans, med 14 dagars mellom  
Fykeskappleiken er på Skei, 21/22 mars.

~~den~~ 1 mars vert det og "Justratreff" i Gaupne  
Landskappleiken skal vere i Sogndal.

landsfestivalen i Trondheim og Vestlandskapp  
-leiken på Nordfjordleid. Så det er nok å øve  
til framover, dersom laget skal stille opp.

På landskappleiken skal laget vere med på  
ei "Sognakveld" med Jostedal-springaren og spel  
Det bidlegare omsnakka prosjektet med dramatisering  
av "Klaravalsen" er lagt vekk i den anledning  
Amerika-tur står på programmet til sumaren.

Dette er eit ~~arrangement~~ arrangement frå kultur-kontoret  
og "Sogne forlaget" i Amerika. Laget har  
betalt innmeldingsgebyr til Sognefjordlaget for  
10 pers. Det er ennå uvisst kor mange / eller om  
nokon frå laget reiser.

Ynskje om swingkurs (Oddbjørg Eise)